

## Tilbod om rabatterte billetter til «E16 Dødsvegen», ein rasande revy med Christine Hope, Thomas Bye og Gisle Børge Styve 26. april og 2. mai på Det Vestnorske Teateret



Tilsette ved UiB kan kjøpe billetter á kr. 250 (ord. pris kr. 440)

Fredag 26. april kl. 19.00:

**KJØP HER**

Torsdag 2. mai kl. 19.00:

**KJØP HER**

Du kan også sende e-post til [publikum@detvestnorsketheateret.no](mailto:publikum@detvestnorsketheateret.no) (merk med «UiB»)

Møt E16: Ein veg som snirklar seg frå Bergen til Voss. Ein veg som tusenvis av bilistar køyrer kvar einaste dag; fleire med hjartet i halsen. For vegen frå Bergen til Voss har fått det ikkje spesielt hyggelege kallenamnet DØDSVEGEN.

Når Det Vestnorske Teateret går til det merkelege skrittet å lage revy om ein veg, så er det fordi dette ikkje er ein vanleg veg. E16 rommar forteljinga som svært mange vestlendingar i meir eller mindre grad har kjent på: Verdiskapinga skjer på Vestlandet - pengane går til Oslo! Kvifor? Er vi mindre verdt?

No har ministrane igjen hatt kakefest på Arna stasjon og lova milliardar til prosjektet, men: Blir det noko av? Kan vi sleppe jubelen laus? Eller er det nok ein gong berre valflesk? Det er noko av det vi harselerer med i denne revyen.

På scenen møter du Christine Hope, Thomas Bye og Gisle Børge Styve. Det blir humor, song og musikk! Høyr songen "E16" (tidlegare kjend som "E6" med DDE), om trailersjåføren som måtte køyre åtte timars omveg på grunn av ras, og ikkje rakk fram til KK i tide. Møt byråkratane som kjempar for at nyvegen likevel ikkje skal bli noko av. Og møt vossingen som mister alle venene sine, og held på å bli skilt, fordi ho **ikkje** er redd for køyre på Dødsvegen!

DET  
VESTNORSKE  
TEATERET

Av Klas Abrahamsson.

Regi: Catrine Telle. Scenografi og kostymedesign: Lise Christensen.

Koreografi: Hilde Sol Erdal.

Med: Christine Hope, Gisle Børge Styve og Thomas Bye.